

# ÅRSMELDING 2019

**HELSE FØRDE HF**  
**Org.nr. 983974732**

## **INNLEIING**

Helse Førde HF og Helse Vest sin visjon er å fremje helse, meistring og livskvalitet. For å oppfylle visjonen skal Helse Førde tilby trygge og nære spesialisthelsetenester av høg kvalitet til innbyggerane i Sogn og Fjordane. Hovudoppgåver som helseføretaket skal legge til rette for, planleggje, organisere og fremje er:

- pasientbehandling
- opplæring av pasientar og pårørande
- utdanning av helsepersonell
- forskning

Ansvar og oppgåver er tufta på helseføretakslova, spesialisthelsetenestelova, helselovgjeving om psykisk helsevern, lov om pasientrettar og anna lovgjeving som omtalar krav og føringar for verksemda. Den årlege drifta av føretaket vert gjort i samarbeid med eigar Helse Vest RHF. Gjennom styringsdokument og føretaksmøte set Helse Vest RHF årleg rammer og krav for drifta av føretaket.

Helse Førde søkjer å løyse si samfunnsoppgåve gjennom samarbeid med:

- primærhelsetenesta og brukarane for å sikre eit heilskapleg helse- og sosialtilbod
- Helse Vest og dei andre føretaka, samt institusjonar og spesialistar vi har avtale med
- kommunar, fylkeskommunen og statlege organ
- universitet, høgskular og andre relevante institusjonar, samt næringslivet gjennom innovasjon.

Føretaket si verksemd er fordelt på mange stadar i fylket. Hovudkontoret er i Førde. Helse Førde HF er 100 prosent eigd av Helse Vest RHF med hovudkontor i Stavanger.

## **VERKSEMDA**

Helse Førde HF yter helsetenester innan somatiske fagområde, psykisk helsevern og behandling av rusavhengige i Sogn og Fjordane. Føretaket er økonomisk ansvarleg for pasientar busett i Sogn og Fjordane, også om dei får behandling utanfor fylket. Helseføretaket har ansvar for drifta av ambulansetenesta i fylket, og frå hausten 2009 har føretaket hatt ansvar for den medisinske delen av redningshelikopterbasen i Florø. For å ta i vare oppgåvene har Helse Førde verksemd fordelt på mange ulike plassar i fylket. Helse Førde dekkjer ein stor del av tenestene. Førde sentralsjukehus er traumesjukehus, medan dei to somatiske lokalsjukehusa har tilpassa akuttfunksjon (indre medisinske og skadepoliklinikk). Større traumer går til Helse Bergen/Haukeland universitetssjukehus i tråd med regional avtale. Private avtalespesialistar gir eit tilbod innan nokre område, som auge, øyre-nase-hals og psykisk helsevern, og det er inngått avtale med desse.

I 2019 har det vore høg aktivitet knytt til planlegging av og igangsetjing av første byggesteg for Nye Førde sjukehus. Store delar av organisasjonen er involverte i å planlegge framtidens tenester og organisering mellom anna i regi av utviklingsprogrammet «Pasientens helseteneste og «Alle møter»-programmet, og slik bidra til at arealutvikling og teknologi støttar opp om dette.

Helse Førde sitt driftsbudsjett for 2019 var stramt. Det var budsjettet med eit resultat på 36 millionar, og i løpet av første halvår såg administrerande direktør at budsjettet var spesielt utfordrande i forhold til å oppfylle HMS-krav. Administrerande direktør gav derfor klinikkane løyve til meirforbruk på personalkostnader med føresetnad om at ein leverte på resultatmålet for Helse Førde samla.

Helse Førde har på mange område levert godt når det gjeld kvalitet på tenestene i 2019. Tilbodet av tenester føretaket gjev har vore om lag uendra i høve til tidlegare år, men det har også vore utvikling i tråd med nasjonale trendar og føringar innanfor fleire av fagområda. Når det gjeld ventetid har vi for nokre fagområde hatt kapasitetsutfordringar, og ventetider og tal fristbrot auka i første halvdel av 2019. Situasjonen vart vesentleg betra i andre halvår, og tal fristbrot er lågt ved utgangen av året. Det er få utskrivingsklare pasientar innlagde på sjukehusa i fylket.

Mange yrkesgrupper tek delar av utdanninga si i Helse Førde, og krava til gjennomføring og dokumentasjon av utdanningsløpa er høgare enn tidlegare. Føretaket innfører ny ordning for utdanning av legar i spesialisering, nye retningslinjer for bachelorutdanning og har i 2019 teke imot eigne helsefaglærlingar. Høgskulen på Vestlandet er ein viktig samarbeidspart, og det er inngått ny overordna rammeavtale for samarbeidet hausten 2019. Det har vore eit robust og langvarig forpliktande samarbeid om forskning, og ein har det siste året vidareutvikla og utvida samarbeidet til å omfatte innovasjon. Samarbeidet med Universitetet i Bergen om eiga vestlandslege-utdanning er under planlegging.

I desember 2016 vedtok Stortinget ei tilsegn om lån til investeringar ved sentralsjukehuset i Førde. Helse Førde har då for ei stor del sikra finansiering for ut- og ombygginga styret har vedtatt at føretaket skal arbeide med å realisere. Helse Førde har oppnådd gode resultat på mange kliniske område, og har kontroll over den økonomiske utviklinga. Administrerande direktør vil likevel presisere at det er nødvendig å skape varige positive resultat for å auke evna til å oppgradere bygg og investere i utstyr. Føretaket har difor vidareført arbeidet med å effektivisere verksemda. Dermed blir vi i stand til å nå det økonomiske målet om å ha tilstrekkeleg berevne for investeringane framover.

Helse Førde og Helse Vest innfører stadig nye teknologiske løysingar, og i 2019 har aktiviteten på dette området vore særleg høg. Ein arbeider kontinuerleg med innføring av nye løysingar knytt til elektronisk pasientjournal. Det regionale programmet «Alle Møter» skal medverke til eit betre tilbod til pasientane med god og forenkla kommunikasjon, inkludert digitalisering av brev og meldingar til pasient og samarbeidspartar på helsenorge.no for å forenkla kommunikasjonen mellom pasient og sjukehus. Det vert innført nye ordningar for organisering av pasientkontakt og logistikk i sjukehuset i regi av «Alle møter»-programmet. I 2019 har ein arbeidd med betre planlegging, etablering av kontaktsenter for pasientar som vender seg til poliklinikkane, forenkla innsjekk og betaling. Det vert

også planlagt digital logistikkøysing med tavler for informasjon og bestilling av tenester som mat, reinhald og portør.

LIBRA er Helse Vest sitt program for å optimalisere støttetjenesta innanfor fagområda budsjett, anskaffingar og kontrakt, innkjøp og logistikk, rekneskap og styringsinformasjon/felles register. I 2019 er SAP innført som rekneskapssystem, og prosjektet planlegg for vidare innføring av dei andre elementa.

Samla vil utviklingsprosessane føre til endra arbeidsprosessar og ny oppgåvefordeling.

Helse Førde har eit mål om å vri verksemda mot meir poliklinisk verksemd, meir dagbehandling og kortare opphald i sjukehuset. Ei vriding til poliklinisk verksemd frå døgn- og dagbehandling gjev lågare inntekter. Det medfører at føretaket må justere drifta slik at kostnadene blir lågare på sikt. Slikt arbeid tek tid og er difor innarbeidd i utviklingsplanen og framtidige budsjett.

## **AKTIVITET**

### Aktivitet somatisk verksemd

Dei somatiske avdelingane hadde ein reduksjon frå 17 188 heildøgnsopphald i 2018 til 16 765 opphald i 2019, som er ein nedgang på 2,5 prosent. Tilsvarande vart tal dagbehandlingar redusert frå 5966 i 2018 til 5822 i 2019, ein reduksjon på 2,4 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til refusjon auka frå 122 702 i 2018 til 125 787 i 2019, som er ein auke på 2,5 prosent.

Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i våre sjukehus i 2019 vart 28 044 poeng. Dette er ein auke på 2,4 prosent samanlikna med 2018 kor DRG-årsproduksjon var på 27 377 DRG-poeng.

### Aktivitet psykisk helsevern og spesialisert behandling av rusavhengige

Psykisk helsevern for vaksne hadde 18 606 liggedøgn for innlagde pasientar i 2019 mot 17 726 i 2018, som er ein auke på 5,0 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for vaksne var i 2019 24 329 mot 23 588 i 2018. Dette er ein auke på 3,1 prosent.

Psykisk helsevern for born og unge hadde 1357 liggedøgn for innlagte pasientar i 2019 mot 1115 i 2018, som er ein auke på 21,7 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for born og unge var i 16 991 i 2019 mot 16 628 i 2018, ein vekst på 2,2 prosent.

Tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige hadde 7312 liggedøgn for innlagte pasientar i 2019 mot 7401 året før, som er ein nedgang på 1,2 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige var 2785 i 2019 mot 3157 i 2018. Dette er ein nedgang på 11,8 prosent.

## **ARBEIDSMILJØ OG MEDARBEIDARAR**

Helse Førde skal vere ein framtidretta kompetanseorganisasjon. Føretaket er avhengig av stabil arbeidskraft med ulike type kompetanse. Skal vi greie å konkurrere om arbeidskrafta framover, må Helse Førde bli oppfatta som ein attraktiv, lærande og utviklande arbeidsplass.

### Sjukefråvær

Føretaket er med i ordninga om inkluderande arbeidsliv. Gjennomsnittleg sjukefråvær i Helse Førde i 2019 var 6,4 prosent. Sjukefråværet i 2018 var på 6,1 prosent. Sjukefråværet varierer litt mellom dei ulike verksemdområda.

Alvorlege arbeidsuhell er ikkje rapportert i 2019.

### Tiltak mot diskriminering

I stillingsannonsane tydeleggjer Helse Førde målet om at verksemda så langt råd er skal spegle mangfaldet i samfunnet. Det er difor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn. I tilsetjingssaker har Helse Førde nedfelt i personalpolitiske retningsliner at den beste søkjaren frå det underrepresenterte kjønnet bør kallast inn til intervju når søkjaren fyller kvalifikasjonskrava, og utveljinga elles ville føre til at berre søkjarar av eine kjønn ville verte kalla inn. I tillegg bør begge kjønn vere representerte i intervjupanelet. Helse Førde har eit særskilt fokus på å rekruttere inn kvinner i leiarstillingar på direktør- og avdelingssjefsnivå.

### Likestilling

Helse Førde har som målsetjing å ha 40 prosent representasjon av det underrepresenterte kjønn på alle leiarnivå i organisasjonen, i faste og mellombelse råd og utval på alle nivå.

I 2019 har styret vore sett saman av fem kvinner og seks menn. Føretaksleiinga sine faste medlemmer består av åtte menn og fire kvinner. Målet er minst 40 prosent av kvart kjønn.

Helse Førde skal vere ein arbeidsplass med full likestilling mellom kvinner og menn. Føretaket har innarbeidd rutinar knytt til likestilling med sikte på at det ikkje skal skje forskjellsbehandling grunna kjønn i saker som for eksempel løn, avansement og rekruttering. Føretaket rekrutterer fleire yrkesgrupper som i utgangspunktet har skeiv fordeling mellom kjønna (sjukepleiarar, hjelpepleiarar, helsesekretærar, reinhaldspersonale osv.) Dette medfører at kvinner og menn ikkje er likt representerte verken totalt sett eller innanfor dei ulike yrkesgruppene.

I føretaket er det tilsett totalt 2198 kvinner (73,0 prosent) og 815 menn (27,0 prosent).

### Fordeling mellom deltid og fulltid

Fordeling mellom fulltidstilling og deltidsstilling fordeler seg slik, når vi ser på juridisk stillingsprosent:

	<b>2019</b>	<b>Prosent</b>	<b>2018</b>	<b>Prosent</b>
0-kontrakter	560	18,6	564	19,0
Deltid	695	23,1	719	24,3
Fulltid	1758	58,3	1681	56,7

(\*) 0-kontrakter er tilsette som ikkje har ein juridisk stillingsprosent i Helse Førde. Dette er mellom andre helsepersonell (legar, sjukepleiarar) som jobbar fast i andre helseinstitusjonar, men tar periodevise oppdrag i Helse Førde. I tillegg kjem tilkallingshjelp og enkelte ferievikarar i denne gruppa.

Fordeling mellom fulltidstilling og deltidsstilling fordeler seg slik, når vi ser på faktisk arbeid stillingsprosent:

	2019 prosent		2018 prosent	
0-kontrakter (*)	102	4,5	91	4,1
Deltid	597	26,1	605	27,0
Heiltid	1586	69,4	1547	69,0

Årsaka til at Helse Førde har færre som faktisk arbeider fulltid enn dei som har juridisk 100 prosent stilling, er at tilsette har fått permisjon frå ei 100 prosent stilling.


Fordeling mellom heil- og deltidsstilling fordelt på kjønn i 2018 (faktisk arbeid stillingsprosent):

	Kvinner prosent		Menn prosent	
0-kontrakter(*)	65	3,9	37	5,9
Deltid	510	30,8	87	13,8
Heiltid	1082	65,3	504	80,3

Føretaket er av den oppfatning at det høge talet på deltidsstillingar i stor grad skuldast ønskje frå dei tilsette. Likevel er det innanfor nokre yrkesgrupper fleire som ønskjer fulltid.

#### Inkludering og mangfald

Helse Vest har sett eit mål om at minst 10 prosent at våre medarbeidarar skal ha ein ikkje-norsk bakgrunn. Per 2019 har om lag 15 prosent av medarbeidarane våre ein annan etnisk bakgrunn enn norsk. Dette er ein auke frå ca. 13 prosent i 2018.



#### **FORSKING**

Forskning er ei av fire hovudoppgåver, jfr. spesialisthelsetenestelova § 3-8, og er med på å leggje grunnlaget for ein kunnskapsbasert praksis, viktig for kritisk vurdering av metodar, behandlingstilbod og teknologi. Helse Førde arbeider med å revidere forskings og innovasjonstrategien. Denne skal

vere ferdig våren 2020. Målet er at Helse Førde skal vere ein forskingsinstitusjon der forskning og innovasjon skal vere ein integrert og prioritert del av verksemda.

HFD har to strategiske forskingssatsingar, «Folkehelse, livsstil og overvekt» og «Psykisk helse og rus». Satsingane inngår i to felles forskingsgrupper saman med Høgskulen på Vestlandet (HVL), som også bidreg med PhD-stipendiatar, professor II og andre ressursar. Desse har hatt god drift i 2019, med fleire publikasjonar enn tidlegare, og også fleire PHD-ar som er gjennomførde.

Helse Førde er i gang med å trappe opp forskingsaktiviteten, og har bygd forsiktig opp infrastruktur, internkontroll og fått på plass meir interne midlar. Dette har gitt resultat med fleire prosjekt og fleire nye forskarar. Helse Førde har fått tilslag på eksterne midlar i nokre prosjekt i 2019.

Støtte, forvaltning, rapportering og rettleiing ligg hos fag- og utviklingsavdelinga v/seksjon for forskning og innovasjon. Det formelle samarbeidet om felles forskingsleiar og samlokalisering i felles miljø med Høgskulen, Campus Førde er vidareført. Helse Førde har styrka arbeidet med innovasjon, i samarbeid med HVL og Kunnskapsparken Sogn og Fjordane. Det har resultert i fleire lovande prosjekt.

### **MILJØRAPPORTERING**

Helse Førde er miljøsertifisert etter ISO 14001. Dette skal sikre at miljøomsyn kjem inn i dei daglege rutiane, og slik redusere miljøpåverknaden frå drifta. Føretaket er aktivt med i det regionale miljønettverket i Helse Vest for å følgje opp dei krav og pålegg som kjem frå nasjonalt og regionalt hald. Men hjelp Sykehusinnkjøp HF syter Helse Førde for at det vert inngått aktuelle rammeavtalar på område der vi tidlegare ikkje har hatt avtalar, og ein sikrar at det blir teke omsyn til miljø og etisk handel når kontraktar vert lyste ut anten nasjonalt, regionalt eller lokalt.

Drifts- og eigedomsavdelinga har følgd opp miljømål og konkretisert måltal slik at dei korresponderer med dei sentrale måla til Helse Førde. Mellom anna har avdelinga hatt spesielt fokus på energibruk, avfallsortering og alternativ til bilkøyring.

#### Energibruk

Energibruken i føretaket varierer med utetemperaturen gjennom året og mellom år. I 2019 hadde Helse Førde eit totalt strømforbruk på 21 428 450 kWh. Det er en nedgang på 530 000 kWh fra 2018, som er en nedgang på 2,5 prosent. På slutten av 2018 vart det sett i drift ny MR ved Lærdal sjukehus og ny ambulansestasjon ved Indre Sogn psykiatrisenter (ISP). Forbruket på desse er ca. 300 000 kWh til saman, slik at forbruket i 2019 ville ha gått ned med kring 830 000 kWh utan desse nyetableringane. Det vil seie 3,7 prosent.

Det er brukt ca. 15 000 liter olje som gjev ca. 150 000 kWh. Det er 0,7 prosent av totalforbruket. Dette forbruket er ganske stabilt kvart år. Forbruket er i stor grad knytt til testkøyring av oljebrennarane.

Det er utarbeidd ein 5-årsplan for kvar avdeling som omhandlar tiltak og investeringar som inneheld energisparing. Dei største prosjekta er nye energisentralar med varmepumper ved Lærdal, Sogndal og på Tronvik.

Ambisjonen er å spare 4 600 000 kWh i løpet av 5 år. Med innsparinga i 2017 på 753 000 kWh, 2018 på 618 000 kWh og 2019 på 830 000kWh er vi oppe i totalt 2 201 000 kWh.

### Avfall

Helse Førde har som mål å auke kjeldesortert avfall. Det er difor restavfallet føretaket har fokus på, då anna avfall varierer med aktiviteten. Målet til Helse Førde er ein nedgang på 2 prosent per år. Førebels ser det ikkje ut til at vi når målet om 2 prosent nedgang, men det er i gang etablering av rammeavtale på avfall og tanken er at det vil hjelpe oss i å nå nemnde målsetting. Elles vert dette følgt opp som intern rapportering.

### **FRAMTIDIG UTVIKLING HELSE FØRDE**

Føretaket budsjetterer med eit resultat på 26 millionar kroner i 2020.

I 2019 har føretaket arbeidd med mange prosjekt for å forbetre og tilpasse pasientforløp og pasientbehandlinga. Arbeidet blei i hovudsak organisert som underdelar av programmet «Pasientens helseteneste». Programmet, som blei oppretta i 2016, dannar grunnlag for utviklinga av tilbodet av spesialisthelsetenester i Sogn og Fjordane og investeringar som skal gjerast i samband med det. Det er i 2019 gjort mykje arbeid både innan organisasjonsutvikling og investeringar i utstyr og bygningsmasse for å sikre drifta framover. Arbeidet med å sikre pasienttryggleik og kvalitet held fram også i 2020.

Ved inngangen til 2020 er spesialisthelsetenesta prega av førebuing- og beredskapsarbeidet knytt til korona. Ein må forvente eit stort press på tenestene i sjukehusa gjennom 2020 som følgje av dette. Det har prioritet å til ei kvar tid gi pasientane god behandling, ha rett og nok bemanning og utstyr og det å leggje til rette for god drift, også i denne krevjande situasjonen. God samhandling med andre deler av tenesta og myndigheitene er ein føresetnad. Styret følgjer utviklinga tett og kontinuerleg. Helseføretaka er finansiert av staten og ekstrakostnader i samband med korona blir kartlagt løpande. Spørsmål om ekstra finansiering vil kunne bli eit tema i dialogen med staten seinare. Styret meiner at dette forholdet ikkje er eit problem i høve til ein føresetnad om vidare drift.

### Framleis drift

Styret stadfestar at føresetnaden for framtidig drift er til stades i samsvar med paragraf 3-3 i rekneskapslova. Til grunn for dette ligg at staten har gitt 100 prosent driftsgaranti for helseføretaka, og at føretaket er tilfredsstillande finansiert. Helseføretakslova paragraf 5 seier at det ikkje kan opnast konkurs i helseføretaka. Etterspurnaden etter helsetenester vil ikkje bli mindre framover, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Verksemda har såleis eit godt fundament for framtidig aktivitet, også sett i lys av at gjeldande pasientlovgeving gjev pasientane rett til helsehjelp innan gitte fristar.

### **REKNESKAPEN**

Omsetnaden i Helse Førde var 2,9 milliardar kroner i 2019. Driftsresultatet var positivt med 40,7 millionar kroner. Resultatet etter finanspostar var positivt med 43,2 millionar kroner. Det er 7,2 millionar over resultatkravet.

Drifta av føretaket gav ein positiv kontantstraum på 47,2 millionar kroner. Utover dette hadde føretaket negativ kontantstraum på 171 millionar på investeringsområdet. Det er ein positiv

kontantstraum frå finansaktivitet på 126,7 millionar. Samla gav dette ein positiv kontantstraum på 2,9 millionar.

Ved utgangen av året hadde føretaket likviditetsreserve på 291,8 millionar som fordelar seg med 61,5 millionar i likvide midlar og 227,5 millionar i unytta trekkramme.

Helse Førde HF følgjer norsk rekneskapslov. Inntekter og kostnader er dermed tidsavgrensa og justert for usikre høve.

Totalkapitalen var ved utgangen av 2019 er på 2,13 milliardar kroner mot 1,97 milliardar kroner per 1.1.2019. Eigenkapitalen per 31.12.2019 er 1,06 milliardar eller 49,8 prosent av totalkapitalen, mot tilsvarende 1,02 milliardar og 51,7 prosent av totalkapitalen per 1.1.2019.

### Framlegg til disponering av overskotet

Styret foreslår at overskot for året vert brukt på følgjande måte:

<u>Overført til annan eigenkapital</u>	<u>43.168.914</u>
<b><u>Sum disponering av årsoverskot</u></b>	<b><u>43.168.914</u></b>

Førde 23.03.2020

Styret for Helse Førde HF

Agnes Landstad  
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad  
Nestleiar i styret

Reidar Sandal  
Styremedlem

Aud Ingrid Espeland  
Styremedlem

Ole Gunnar Krakhellen  
Styremedlem

Thomas Vingen Vedeld  
Styremedlem

Ivar Eriksen  
Styremedlem

Randi Aven  
Styremedlem

Lena Thorsnes  
Styremedlem

Arthur Norevik  
Styremedlem

Ole Magnus Kapstad  
Styremedlem

Arve Varden  
Dagleg leiar